

Riksantikvaren
Postboks 8196 Dep.
0034 OSLODato: 17.02.2017
Vår ref.: 2014/24011-21
Saksbehandlar: oysskar
Dykkar ref.:

Søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 fjerde ledd for automatisk freda kulturminne ID 224929 i områdereguleringsplan for Bybane Sentrum – Fyllingsdalen, g/bnr. 163/66 og 70- Delstrekning 1 Nonneseter-Kronstad, Bergen kommune, Hordaland

Hordaland fylkeskommune sender med dette over søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 fjerde ledd for det automatisk freda kulturminne Askeladden ID 224929 i samband med områdereguleringsplan for Bybane til Fyllingsdalen, Delstrekning 1 Nonneseter-Kronstad, Bergen kommune, Hordaland fylke.

Bakgrunn

Bergen kommune har lagt ut forslag til områdereguleringsplan for Bybane Sentrum-Fyllingsdalen på offentlig ettersyn i perioden 07.01.2017 til 21.02.2017 (vedlegg 1, 2, 2b, 3 og 12). Oppdatert utsnitt av plankart med automatisk freda kulturminne markert som bestemmelsesområde #6 (vedlegg 2) og tilhørende føresegner (vedlegg 3) vart mottatt hjå Fylkeskonservatoren 17.02.2017. Bestemmelsesområde med automatisk freda kulturminne ID 224929 visar førebels ikkje på sjølve plankartet (vedlegg 2b) då Bergen kommune jobbar med å oppdatere heile plankartmaterialet. Bestemmelsesområde #6 er førebels vist på utsnitt av plankart (vedlegg 2), men skal innarbeidast i det endelege kartmaterialet.

Bybanen er forankra i Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø, der det er vedtatt at bybanen skal utgjøre ryggraden i kollektivsystemet i Bergen. I 2010 vedtok bystyret i Bergen «Fremtidig bybanenett i Bergensområdet» og bybanestrekkingen til Fyllingsdalen var en del av dette strekket. Utgreiinga om bybanenett har og inngått som ein sentral del av konseptvalutgreiing (KVU) for Regionpakke Bergen. Strekinga Sentrum-Fyllingsdalen er byggetrinn 4 i bybaneutbygginga i Bergen. Byrådet har lagt frem planforslaget med to ulike tunnelpåhugg i Fløen, eit under Årstadgeilen som inneber sanering av fleire hus. I tillegg er ikkje dette alternativet fullstendig utreda så ein kjenner ikkje alle konsekvensane av forslaget. Det andre alternativet går lengre sør gjennom Fløen parsellhage. Dette forslaget inneber også sanering av hus, men av nyare dato.

Bergen kommune varsla oppstart av reguleringsplan for delstrekning 1 i brev datert 27.11.2014 (vedlegg 4 og 5). Varslingsområde var då svært omfattande og trasé var ikkje vald. Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til saka i brev datert 03.02.2015 (vedlegg 6, 7 og 8). I mai 2016 hadde Bergen kommune innsnevra planområdet og i møte 6. juni 2016 vart planen lagt fram for Fylkeskonservatoren og Bergens Sjøfartsmuseum. Det vart varsla på møte at det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering både på land og i sjø for å oppfylle undersøkingsplikta. Kostnadsoverslag vart utarbeidd då nye planteikningar var ferdigstilt og sendt til kommunen i brev datert 26.09.2016 (vedlegg 9 og 10). Kostnadsoverslaget vart godkjent av Bergen kommune 27.10.2016 (vedlegg 13). Den arkeologiske registreringa vart gjennomført frå 7. november til 1. desember 2016. Det vart påvist eit automatisk freda kulturminne (Askeladden ID 224929) (vedlegg 11).

Kjende kulturminne i området

Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne i nærområdet på Årstad. Ved Årstadgeilen er det funne dyrkingsrestar og moglege forhistoriske strukturar (Askeladden ID 95908 og 115911). Lenger nord ligg eit anna dyrkingslag ved Årstadgeilen 12 (Askeladden ID 95908). Vidare nord ligg lokaliteten Odontologen 1 (Askeladden ID 91312). Her er det funne dyrkingslag som er datert til bronsealder. På lokaliteten Odontologen 2 (Askeladden ID 91314) er det funne ei kokegrop datert til romartid. Litt over 30 meter øst for Årstadgeilen ligger eit anna sannsynleg dyrkingslag på lokaliteten Odontologen 3 (Askeladden ID 94777).


Ei hustuft er funne på lokaliteten Haraldsplass (Askeladden ID 104249), datert til førromersk jernalder. Ved Statsarkivets eigedom vart det i 2006 påvist ei lokalitet frå jern- og bronsealder (Askeladden ID 99509). Lokaliteten vart utgrave i 2007. Dette resulterte i funn av dyrkingslag frå eldre bronsealder og førromersk jernalder samt hus frå romartid og folkevandingstid. Det vart også funne ei rekke med kokegroper, eldstader og omsanlegg frå romartid, folkevandringstid og merovingartid.

Det er også tidlegare funne kyrkjeruinar frå ei steinkyrkje (Askeladden ID 222154) med tilhørande kyrkjegard (Askeladden ID 222154) frå Årstad gamle kyrkjestad (Askeladden ID 222154) frå mellomalderen. Avgrensinga og lokaliseringa er uavklart og det er ikkje synlege ruinar igjen i dag.

Det er ei kjend gravhaug i hagen til Fløenbakken 41. Gravhaugen er nesten 25 meter lang og 1,5 meter høg (Askeladden ID 113867). Dateringa er usikker, men det vart på 1700-talet funne jernvåpen som i dag er tapt. I løpet av registreringa vart det grave to sjakter ved gravhaugen då dette låg innafør planområdet. Det vart ikkje gjort funn. Gravhaugen ligg i omsynssone i planen.

Det omsøkte kulturminnet ID 224929 (vedlegg 11)

Den arkeologiske registreringa påviste eit automatisk freda kulturminne som ligg på gbnr. 163/66 og 70. Funnet var hovudsakleg forhistoriske dyrkingshorisontar, men det vart og påvist seks anleggsspor, fem kokegropar og eit mogleg stolpehol. Lokaliteten ligg i det som i dag er Fløen parselhage langs vegen Fløenbakken. Hageanlegget vart starta opp som skulehage for Bergensskulane i 1914 og ble frå 1981 nytta som parselhagar.



Lokaliteten ligg på ein terrasse vest for Årstadvollen som er kjend for ei rekke kulturminne, til dømes skal Alrekstad kongsgard ha lege her. Lokaliteten skrå slakt mot vest medan den er avgrensa av bratt terreng som stig opp mot Årstadvollen i aust. Mot sør avgrensast den av bebyggelse og mot nord og vest av negative sjakter og funntomme områder. Totalt omfattar lokaliteten 2953 m².

Det vart grave ni sjakter kor av sju var funnførande. Det vart funne dyrkingsspor i alle dei funnførande sjaktene. I tillegg vart det funne anleggsspor i tre sjakter (sjå figur). I fire av sjaktene vart det påvist stratifiserte dyrkingshorisontar, fleire med ras- og erosjonsmassar frå skråninga opp mot Årstadvollen mellom laga. I tillegg vart fleire kokegropar påvist i rasmassar med dyrkingslag både over og under (eks. s. 41-42 i rapport). Store delar av lokaliteten inneheld dyrkingsspor, medan anleggsspora er lokalisert i sørleg del. Truleg kan det ha låge eit kokegropfelt her som i dag er

Figuren synar utstrekning på ID 224929 med sjakter, funn og dateringar innteikna.

øydelagd av busetnad i Fløenbakken 50B og eit gammalt sandtak som har lege her.

Stratigrafi og datering

Til saman vart det sendt 10 kolprøver til datering. Prøvene vart vald ut med tanke på å syne både tidsdjupne i nokre av dei stratifiserte dyrkingsprofilane, samt den horisontale utstrekninga på lokaliteten. Dateringane på dyrkingslaga var frå yngre steinalder, eldre og yngre bronsealde, førromersk jernalder og folkevandringstid. Ei kokegrop vart datert til romartid.

Dei fleste dyrkingslaga som vart påvist var mektigast i austleg del inn mot skråninga opp mot Årstadvollen. I fire av sjaktene (sjakt 1, 3, 5 og 7) fortsette dyrkinga vidare mot aust inn i kortprofilen til sjaktene. Det vart ikkje grave lengre mot aust grunna lause erosjonsmassar og fare for ras. Profilane tydar på at området har vore rasutsett. På 1930-talet veit vi at skråninga i samband med eit sandtak som låg her raste ut og grunnmuren i Alrekstad hovudgard sank om lag 50 cm. Trea som står i skråninga i dag vart planta etter raset for å stabilisere grunnen.

Austleg del av sjakt 7 var 2,3 meter høg og det vart i den austlege kortprofilen observert 15 lagskilje. Fire av desse vart tolka som dyrkingslag (lag 5, 7, 10 og 12). Lag 5 som var den øvst dyrkinga vart datert til 1265 f.Kr, medan det nedste dyrkingslaget, lag 12, vart datert til 2030 f.Kr. Altså eit tidsdjupe på 765 år (sjå rapport s. 34). Det yngste dyrkingslaget på lokaliteten låg i sjakt 8 og vart datert til 420 e.Kr.

Tidsfrist

Saka vart lagt ut til offentlig ettersyn 07.01.2017. Hordaland fylkeskommune har varsla at vi vil nytte forlenga tidsfrist på tre månadar heimla i kml § 9. Frist for Hordaland fylkeskommune til å gje endeleg fråsegn i saka vert då 7. april 2017. For at vi skal få ekspedert fråsegn innan fristen ber vi om fråsegn frå Riksantikvaren innan 5. april 2017. Om dette ikkje er tilstrekkeleg tid til handsaming av saka ber vi om tilbakemelding slik at vi kan få forlenga frist av Bergen kommune.

Fylkeskommunen sin tilråding

ID 224929 er eit kulturminne med stor tidsdjupne som kan vere med på å fortelle saga om Alrekstad og Årstadvollen i forhistorisk tid. Dyrkingslag og kokegropar er vanlege kulturminne på Vestlandet, men nærleiken til Alrekstad kongsgard sett kulturminna inn i ei kulturhistorisk kjend ramme. Likevel kan ingen av funna som vart påvist under registreringa relaterast direkte til etableringa av kongemakta i vikingtid og mellomalder, men dei kan gje eit viktig bidrag til historia forut for dette, heilt tilbake til jordbruksetableringa i yngre steinalder.

Bybanen er forankra i Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø. Tunnellinnslag i Fløen er nødvendig for å få til en haldeplass under Årstadvollen som kan betene Haukeland- og Haraldsplass sjukehus. Denne haldeplassen har det største passasjergrunnet langs heile bybanenettet. Bybanen skal gå i tunnel frå Møllendal og inn under Fløen mot Haukeland. Då grunnforholda i Fløen/Møllendal består av djupe morenemassar og lite fjell, må det gravast ein kulvert gjennom heile parselhagen for deretter å støype ein tunell. Resterande areal skal nyttast som anleggs- og riggområde (vedlegg 2). Hordaland fylkeskommune har vurdert at traseen som er omtalt som tunnellinnslag alternativ 1, gjennom parselhagen i Fløen og det automatisk freda kulturminnet ID 224929 har minst innverknad på det totale kulturhistoriske landskapsrom og kulturmiljø. Planlegginga av bybanetrasè gjennom tettbygd strøk har vore ei utfordring for Bergen kommune og mange alternativ har vore vurdert og silt ut i planprosessen.

Hordaland fylkeskommune vurderer bybanen som eit særst viktig samfunnsmessig tiltak i Bergensregionen, og vil rå til at Riksantikvaren gjer løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet ID 224929 jf. kml. § 8 fjerde ledd, med vilkår om ei arkeologisk utgraving av det råka kulturminnet.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Universitetsmuseet i Bergen

Vedlegg

- | | |
|----|--|
| 1 | Vedlegg01_offentleg ettersyn |
| 2 | Vedlegg02_Plankart#6 |
| 3 | Vedlegg02b_plankart |
| 4 | Vedlegg03_Bestemmelser |
| 5 | Vedlegg04_Oppstartvarsel reg.plan |
| 6 | Vedlegg05_varslingskart |
| 7 | Vedlegg06_HFK_fråsegn_oppstart |
| 8 | Vedlegg07_notat til HFKfråsegn_oppstart |
| 9 | Vedlegg08_Fylkesrådmannens fagnotat_til_oppstart |
| 10 | Vedlegg09_Oversending av kostnadsoverslag |
| 11 | Vedlegg10_Kostnadsoverslag |
| 12 | Vedlegg11_Rapport 30 2016 Parsellhagen Fløen |
| 13 | Vedlegg12_Planbeskrivelse |
| 14 | Vedlegg13_Godkjenning kostnadsoverslag |